



## **MØTEPROTOKOLL**

---

**Utval:** Naturutvalet  
**Møtedato:** 21.10.2009  
**Møtetid:** 15:00 -  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 7 medlemmer møtte alle.

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
---

Rådmannen.
------------

Avd. ing. John Inge Sandvik var med på synfaringa.
--

<b>Merknader:</b>
-------------------

Naturutvalet var, som medlemmer av kommunestyret, på synfaring på ulike stadar som er omtala i skulebruksplanen. Synfaringa vert gjort no i god tid før kommunestyremøtet slik at alle medlemmane skal vera kjend med det som er omtala i skulebruksplanen.
---

Utvalet var og på synfaring i samband med sak 43.
---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10.11.2009

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
042/09	09/558	Faste saker	
043/09	09/492	Rehabilitering av garden Skarsvåg gnr 11, bnr 3.	
044/09	09/340	Bygging av naust gnr 22/27	
045/09	09/539	Gjeld oppføring av hytte på gnr 1, bnr 12.	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

<b>Orienteringar/ meldingar:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Naturutvalet har fått utsendt korrespondanse mellom Johs. E Kulild og rådmannen vedkomande oppfølging av vedtak om plan for småkraft i kommunen.</li><li>• Det er sendt ut notat frå rådmannen med spørsmål om kommunen skal engasjera seg for å få utvida konskekvensutgreiingsprogrammet for BKK sin søknad om endra utbygging av Samnangervassdraget.</li><li>• Det vart orientert om konferanse i Bergen i november om den europeiske landskapskonvensjonen. Påmelding 6. november. Program vil verta sendt ut saman med møteboka.</li><li>• Det har tidlegare vore påpeika at diverse tiltak på Nymark er heilt eller delvis søknadspliktig. Det er no sendt inn søknad for alle tiltaka.</li><li>• Vegar i hyttefelt i Eikedalen er ikkje i samsvar med reguleringsplanen. Desse er opparbeidd i samband med legging av VA-anlegget, og kommunen føreset at dei vert tekne bort/stengt for kjøring når feltet er ferdig tilrettelagd.</li></ul>
--------------------------------------	---

**Saknr. 042/09**  
**FASTE SAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

21.10.2009 Naturutvalet  
Handsaming i møtet:

**Gunnar Bruvik** hadde merknad til protokollen. I sak 33 var det ikkje kome med at han var ugild og deltok ikkje under handsaminga.

**Meldingar:**

- Leiaren har motteke skriv frå ein del grunneigarane som ber om at naturutvalet engasjerer seg for at kabling vert teke inn i konekvensutgreiingsprogrammet. Dette skrivet vart lest opp. Spørsmåla som var reist av rådmannen i utsendt notat var drøfta. Det var semje om at rådmannen gir melding til NVE om at Samnanger kommune vil at konsekvensutgreiingsprogrammet og skal innehalde eit punkt om kabling.
- Leiaren orienterte om samtalar ho og ordførar har hatt med Kulild i slutten av førre veke. Det er kome skriv frå Kulild der han har bedt om at naturutvalet omgjer tidlegare vedtak og at kommunen stiller seg positiv til at det vert arbeidd for at vernevedtaket vert teke opp til ny handsaming. Saka vart drøfta. I drøftingane vart det m.a. fokusert på at ein med den vedtekne plan også kan få fokusert på moglegheit for å få til næringsutvikling gjennom kortreist kraft, og at ein med å få ei slik vinkling sannsynlegvis vil gjera det lettare å få lempa på vernevedtaket. Det vart vidare vist til at planen i fylgje vedtaket skal vera ferdig i 2010, og sjølv om plankapasiteten i kommunen er dårlegare enn ynskja, er det pr. d.d. ikkje trekt konklusjon om at me ikkje når dette målet. Plankapasitet og prioritering vil naturutvalet drøfta i eit seinare møte, og utvalet vil fylgja opp framdrifta m.a. på denne planen. Naturvalet held fast på tidlegare vedtak.

**Utvalet sitt kvarter:**

**Gunnar Bruvik** ba om informasjon om framdrift på reiskapshus m.m. ved kyrkja.

**Sture Tveit** som er kommunen sin representant i kyrkjestyre vart bedt om å orientera om arbeidet. Han orienterte om at det har vore ein del diskusjonar med instansar utanføre kommunen som har kome med ein del krav i høve til utforming m.m. Dette er no avklara og arbeidet vil verta lyst ut med det første.

**Sigmund Dyrhovden** hadde med eit skriv frå langrennsgruppa om situasjonen i Totræna. Dei ber om økonomisk stønad til drift.

Søknaden vil verta journalført, og lagt fram for handsaming i rette organ.

**NAT-042/09 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent ved at sak 33 vert korrigert ved at det vert protokollert at Gunnar Bruvik var ugild.

- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering . Utvalet ber om at rådmannen sender melding til NVE om at konsekvensutgreiingsprogrammet for utbygging av Samnangervassdraget vert utvida med ei vurdering av kabling av overføringslinjene.

### **Saknr. 043/09**

#### **REHABILITERING AV GARDEN SKARSVÅG GNR 11, BNR 3.**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det ikkje gjeve dispensasjon for bygging av naust og sjøbu i LNF område og 100 m beltet frå sjø, på Gnr.11, Bnr.3.

Saka vert sendt planutvalet for vurdering i samband med handsaming av strandsoneplanen.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for å byggja den gamle låa opp att og å byggja det gamle naustet opp att. Det vert ikkje gjeve byggjeløyve for sjøbu på 10m2 og byggja naust på 18m2., på Gnr.11 Bnr.3, Skarsvåg.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 29-32og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

21.10.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet var på synfaring der eigar ga informasjon om planane sine.

I møtet sette **Sigmund Dyrhovden** sette fram framlegg om at søknaden vert imøtekomen med unnatak av sjøbu på 10 m2..

Utvalet vedtok samrøystes Dyrhovden sitt framlegg til vedtak.

##### **NAT-043/09 Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det ikkje gjeve dispensasjon for bygging av sjøbu i LNF område og 100 m beltet frå sjø, på Gnr.11, Bnr.3. Det vert med heimel i same lova gjeve dispensasjon for bygging av naust i LNF området og 100 m beltet frå sjø, på Gnr 11, bnr. 3.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for å byggja den gamle låa opp att og å byggja det gamle naustet opp att og byggja nytt naust på 18 m2, på Gnr 11, bnr. 3. Det vert ikkje gjeve byggjeløyve for sjøbu på 10m2., på Gnr.11 Bnr.3, Skarsvåg.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 29-32og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

### **Saknr. 044/09**

#### **BYGGING AV NAUST GNR 22/27**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av naust i LNF område på Gnr.22 Bnr.27 på Lauvskar.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for dobbelt naust på Gnr.22 Bnr.27 på Lauvskar.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad.

Pål Oldervoll får ansvarsrett for gjrnnomføring av prosjektet.

21.10.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Med heimel i plan- og bygningslova § 93 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for dobbelt naust på Gnr. 22, bnr. 27 på Lauvskar*

Det vart røysta alternativ over framlegget frå Tveit og rådmannen sitt framlegg. 5 røysta for framlegget frå Tveit og 2 for rådmannen sitt.

**NAT-044/09 Vedtak:**

*Med heimel i plan- og bygningslova § 93 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for dobbelt naust på Gnr. 22, bnr. 27 på Lauvskar.*

**Saknr. 045/09**

**GJELD OPPFØRING AV HYTTE PÅ GNR 1, BNR 12.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

.....

21.10.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta m.a. om det var problematisk å blanda fast busetnad med fritidsbusetnad, og m.a. om dette var like problematisk/uproblematisk i heile kommunen. Utvalet meiner at for den omsøkte tomte er problema små, men for andre område i kommunen kan det stillast seg ansleis. Dette kan skuldast busetnadsstrukturen, avstand mellom husa, frå før ei sterk blanding og evt. andre tilhøve.

**NAT-045/09 Vedtak:**

Utvalet har ikkje prinsipielle innvendingar om at areal i LNF- området på Solbjørg vert nytta til fritidsføremål.

